

# HAN-portens funksjonar

## Kva er ein HAN-port?

HAN-porten er det fysiske grensesnittet mellom din straummålar og tilkoplingsutstyr i din heim. HAN står for Home Area Network (heimenettverk).


Måleren tillet kun datatrafikk frå målaren og ut gjennom HAN-porten. Det er derfor ikkje mogleg å påverke informasjon som ligg i din målar utanfrå.


## Kva informasjon kjem ut av HAN-porten?

Det flyt ut mykje informasjon frå HAN-porten om du som nettkunde opnar HAN-porten for informasjonsutsending, men kor mykje informasjon som blir vist er avhengig av tilkoplingsutstyret du anskaffar. Tilkoplingsutstyr kan til dømes vere ei smarthusløysing som viser energiforbruk via ein applikasjon. Som eit minimum vil dei fleste leverandørar av tilkoblingsutstyr presentere ditt energiforbruk (kWh) med ein times intervall, samt ditt effektuttak (W). Det er viktig å merke seg at den informasjonen som flyt ut av HAN-porten gjeld totalforbruket for anlegget målaren er tilknytta, ikkje detaljar om kva straumen blir benytta til.

## Kvar finner eg HAN-porten?

Du har ein målar frå leverandøren Kaifa/ Nuri eller Aidon. HAN portens plassering er vist på dei to neste biletene.





### Korleis kan jeg ta HAN-porten i bruk?

Du må ha ein AMS målar med aktivert HAN port. HAN porten er i utgangspunktet stengd ved montasje, men kan aktiveres av Sygnir etter henvendelse av kunde. HAN porten kan kun aktiveres ved at kunden sender epost til oss fra registrert epostadresse til epost [kunde@sygnir.no](mailto:kunde@sygnir.no) eller pr telefon 576 98 603. Før HAN-porten kan opnast ber vi deg sende ei samtykkeerklæring (sjå siste sida) knytta til fysisk sikring av HAN-porten. Det er også viktig at HAN adapter ikkje er plugga inn i målaren før me har aktivert HAN.

## Korleis kan eg vere trygg på at informasjonen som flyt ut av HAN-porten ikkje blir misbrukt?

Informasjon om straumforbruk er definert som personopplysingar etter personopplysningsloven. Derfor blir HAN-porten haldt stengt av nettselskapet inntil du som kunde stadfestar at den er tilstrekkeleg sikra i samband med den risiko for at utedokumenterte kan kople seg fysisk til din straummålars HAN-port for informasjonsuthenting.

Informasjon som flyt frå utstyret til din valde leverandør av tilkoplingsutstyr og vidare til ditt heimenettverk, bør også være sikra med fysisk nettverkskabel eller gjennom passordbeskytta trådlaust nettverk. Sjekk gjerne med din leverandør av tilknytningsutstyr om informasjonstryggleiken i løysinga. Tilsynsmyndighet for straummålarar, NVE vurderar for tida om det er nødvendig å kryptere dataflyten ut av HAN-porten, men inntil vidare blir dataflyten sendt ut av HAN-porten ukryptert.

Nedanfor finn du ein tabell over kva informasjon som flyt ut gjennom HAN-porten, og kor ofte.

Sendeinterval	Informasjonselement
Kvar 2,5 sekund (*)	Aktiv effekt (kW)
Kvar 10 sekund	<ul style="list-style-type: none"><li>OBIS liste versjon, Måler ID og målertype</li><li>Aktiv effekt (kW) x 2 (= import og eksport)</li><li>Reaktiv effekt (kVAr) x 2</li><li>Strøm (A) x 3 (L1, L2 og L3)</li><li>Spennin (V) x 3 (alle faser)</li></ul>
Kvar 1 time	<ul style="list-style-type: none"><li>Aktiv energi (kWh) x 2 (= import og eksport)</li><li>Reaktiv energi (kVArh) x 2</li><li>Klokke og dato</li></ul>

## Nyttige lenker

<https://www.nek.no/info-ams-han-brukere/>

[http://publikasjoner.nve.no/rapport/2018/rapport2018\\_70.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2018/rapport2018_70.pdf)

**Kven tilbyr system som nyttar informasjonsflyten ut av HAN-porten?**

Det finst ein rekke tilbydarar av løysingar som presenterer informasjon henta via HAN-porten, gjennom ulike applikasjonar som er tilgjengeleg via telefon, nettrett og/eller PC/Mac. Fleire vil komme til etterkvart som marknaden for slike tenester utviklar seg, og du finn ei liste over leverandørar på [Norsk Elektroteknisk Komite \(NEK\) si nettside](#).

**Korleis kan eg stenge av informasjonsflyten frå HAN-porten etter eg har opna den?**

For å stenge av informasjonsflyten tek du kontakt med oss via e-post eller telefon, på same måte som ved opning av porten. Hugs å gje opp målarnummeret på den målaren du ynskjer at me skal stenge informasjonsflyten frå. Du vil då få ei stadfesting per e-post når HAN-porten er stengt.

**Samtykkeerklæring – Opning av informasjonsflyten ut av HAN-porten**

Dersom du ynskjer at nettselskapet opnar for informasjonsflyt ut av HAN-porten, send e-post til nettselskapet frå din e-postadresse som er registrert hjå nettselskapet som følgjer:

1. Merk emne-feltet med «*Samtykkeerklæring – Opning av informasjonsflyt ut av HAN-porten*»
2. Klipp følgande tekst inn i tekstfeltet, og bytt ut det som står i parentes med relevant informasjon:

Eg, <nettunderskriftens navn>, stadfestar med denne eposten at eg er kjent med det tryggleiksmessige aspektet ved at informasjonsflyten ut av HAN-porten sendes ukryptert (ref. informasjonsskriv fra nettselskapet om opning av informasjonsflyten ut av HAN-porten), og bekrefter at HAN-porten er tilstrekkelig fysisk sikra til at nettselskapet kan opne for informasjonsflyten. Eg er også inneforstått med at nettselskapet ikke tek ansvar for 3. partsutstyr som blir kopla på HAN porten.

Opninga gjeld for målar med <målarnummer>, på adresse <adresse der målaren står>

Vennligst opne for dataflyt så snart som mogleg.

E-posten kan sendast: [kunde@sygnir.no](mailto:kunde@sygnir.no)